

Smittevernet i kyrkjene legg til grunn fire hovudprinsipp:

- *Sjuke personar skal ikkje vere tilstades*
- *Gode rutinar for handhygiene og reinhald*
- *God avstand og minst mogleg kontakt mellom personar*
- *Minst mogleg felles bruk og berøring av inventar/utstyr*

TILTAKSPLAN	
Tiltak i gudstenester og kyrkjelege handlingar	Ansvar
Innføring i ny lokal smittevernplan for alle tilsette som skal tenestegjere i gudstenester og kyrkjelege handlingar.	Kyrkjeverje innan 18. januar. Før kvar gudsteneste har sokneprest ansvar for nødvendig opplæring av frivilljuge.
Handsprit-dispensar ved inngangen(e). Sjå til at alle besøkande nyttar denne. Småflasker med handsprit til altar, talarstol, orgel og dypefont til bruk for medverkande.	Kyrkjetenar skaffar og set ut handsprit i kyrkja. Kyrkjevert/soknerådsrepresentant ser til at alle besøkande brukar det.
Forsterka reinhald. Dette gjeld etter arrangement som er det er mindre enn 48 timar i mellom.	Kyrkjetenar og organist har ansvar for det forsterka reinhaldet.
Plakatar om smittevern, registrering m.v må henge godt synlig. God informasjon til besøkande skal vera tilgjengeleg i kyrkjene, samt på webside og facebook.	Kyrkjeverje i samarbeid med kyrkjetenar . Sekretær i samarbeid med organist .
Merke tydeleg av kvar folk kan sitje ved hjelp av merking av benkar. Alle skal halde god avstand, minst 1 meter mellom dei besøkande. Dei som kjem frå same husstand kan sitje saman utan omsyn til avstand.	Kyrkjeverje i samarbeid med kyrkjetenar . Soknerådsrepresentant/kyrkjevert .
Passe på at alle får tilviste plasser når det er meir enn 20 stk tilstades i kyrkja. Ved hjelp av kart over kyrkjene kan ein plassere dei deltakande på dei tilviste plassene. Det skal vera minst ein meter mellom personar som ikkje er i same husstand.	Soknerådsrepresentant/kyrkjevert har ansvar for å informere besøkande dersom det maksimale talet er nådd. Kyrkjetenar og kyrkjeverje har ansvar for at det kart over benkar som kan brukast i kyrkjene er tilgjengeleg. Alle tilsette og frivillige har ansvar for at smittevernreglane vert følgde.

<p>Føre liste over dei som er til stades ved arrangementet.</p> <p>Skjema med namn på medverkande, felt for namn og telefonnummer på deltakarar ligg i begge kyrkjene.</p>	<p>Soknerådsrepresentant/ kyrkjevert fyller ut liste. Sokneprest får den etter handlinga og tek den med på kyrkjekontoret. Kyrkjeverje sikrar riktig oppbevaring og makulering av lister etter 14 dagar.</p>
<p>Kyrkjeofring – ein tek ikkje opp offer med kontantar. Det vert kunngjort i program og i gudsteneste korleis ein kan gje offer via VIPPS.</p>	<p>Klokkar/ sokneprest informerer i kunngjeringane.</p>
<p>Unngå samanstimling ved inngang/ utgang. Utdeling av munnbind til dei som eventuelt ikkje har, og skulle trenge.</p>	<p>Soknerådsrepresentant/ kyrkjevert/ gravferdskonsulent Sokneprest og/eller klokkar minner om dette i kunngjeringane.</p>
<p>Nattverd</p> <ul style="list-style-type: none"> • Oblater leggjast klare i særkalkane – husk god håndhygiene / hansker • Særkalkene settes klare på brett ved inngangen til alteret • Maks fire personer ved alteringen samtidig 	<p>Sokneprest/ Kyrkjetenar/ Klokkar</p>
<p>Dåp</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dåpsfølge som står ved døypefonten saman med presten, bør bestå av få personer. • Med grundig handvask i forkant, kan dåpshandlinga gjennomførast på vanleg måte. • Papirserviett vert nytta til å tørke dåpsbarnets hovud. • Presten let ein foreldra løfte barnet fram for kyrkjelyden i etterkant av dåpshandlinga. 	<p>Sokneprest har ansvar for at foreldra til dåpsbarnet fyller inn namna på deltakarane i dåpen i god tid før dåpen.</p> <p>Kyrkjeverje kjøper inn papirserviettar.</p>
<p>Gravferd</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ingen særskilte tiltak her ut over dei generelle retningslinjene, fortrinnsvis ein som ber fram og les på kransane. • Særskilte hygienekrav for det av utstyr som fleire bruker i seremonien. 	<p>Sokneprest (Kyrkjeverje har ansvar for merking av benkar, men justeringar som må gjerast på sjølve dagen blir eit samarbeid mellom kyrkjetenar og gravferdsbyrå)</p> <p>Gravferdsbyrået i samarbeid med dei pårørande skriv og tek ansvar for deltakarliste. Kopi sendes til kyrkjeverje.</p>

<p>Vigsel</p> <ul style="list-style-type: none"> • Berre brudepar og forlovarar er ved altaret saman med presten. • Med god handhygiene i forkant og etterkant, kan ekteskapsinngåing og forbøn med handspålegging gjennomførast på vanleg måte. • Deltakarliste fylles ut av brudeparet på forehand, og sendast til kyrkjekontoret. Kan bruke same mal som er vedlagt denne planen. • Brudeparet må ha eigne kyrkjevertar som sørgjer for at eventuelle program settast i benkane og at smittevernreglar vert følgde. Dei får kopi av lokal smittevernplan. 	<p>Sokneprest</p>
<p>Open kyrkje/ Andre arrangement i kyrkja</p> <ul style="list-style-type: none"> • Regler for smittevern og reinhald må følgjast. • Omvisar/ andre medverkande må få opplæring 	<p>Kyrkjeverje, kyrkjetenar, organist og sokneprest</p>
<p>Frammøte for tilsette/friviljuge og sjekklister før kvar gudsteneste og kyrkjeleg handling</p> <ul style="list-style-type: none"> • Alle tilsette og friviljuge møter <u>45 minutt før start</u>, slik at ein har tid til å gå gjennom tiltaksplan og sjekklister. • Sjekklister fylles ut. 	<p>Alle medverkande</p> <p>Kyrkjeverje sørger for at det sjekklister i begge kyrkje.</p>